

# Årsmelding for Kviteseid Misjonsmenighet 2014.

Det året som ligg bak oss, har og vore eit godt år, der me kjener at Gud har vore ned !

Heile atten sundagstreff har me hatt, sjølv om eit av dei er vanskelg å kalle sundagstreff, da det var på ein laurdag. Tre søndagsbønemøte i tillegg til dei bønemøta me har kvar onsdag. Me har hatt to menighetsmøte, der me har teke opp forskjellige ting, m.o.a. spørsmål om forstandar i ei eller anna form.

Dei som har tala er: Jan Danielsen, Malin M. Johannesen, Gro og Sveinung Røyland, Øyvind Berberg, Eilev Erikstein, Geir Johannesen, Sven Øverland, Johan Hammerich, Tore Granly, Erna Ultvedt, Sveinung Lorentzen, Amund Rannestad, Øyvind Jørgensen og Alf Hovland. Men me må heller ikkje gløyme dei av våre eigne, som har halde barneandaktane . Der ligg mykje arbeid bak ! Unge Røyster skal også ha takk.

Me har fengje 13 nye medlemmer i år og det er heilt fantastisk ! Desse er fam. Hægeland, fam. Nordgård og Tone Fosse med sine tre barn.

22.jan. var alle menighetane i bygda samla til felles bønemøte her på Betel.

26. jan. var alle samla til familiemøte på Misjonhuset, og fellesmøta var i år 7-9. mars. Håvard Sand tala og møta var på Misjonshuset.

Som vanleg sto Anlaug i spissen for den tradisjonelle påskefrokosten på palmesundag. Det var også i år bra med folk.

2. mai samla me inn klede til Ukraina og Moldova. Mykje klede i år og. Leiaren for Agder /Telemark aksjonen, Einar Gulbrandsen, tala på møte den 4. mai. Kona hans er i frå Ukraina og ho fortalde om forholda der. Dei tok med seg kleda attende til Froland.

Den yngste dotter til Rune og Liv Randi Draugedalen, Ingrid Elise, konfirmerte seg i Kviteseid kyrkje og hadde selskapet sitt på Betel. Det var koseleg !

I år og hadde me sommaravslutninga på eiga tomt den 22. juni. Været var fint og me grilla og kosa oss.

28. sept. var me med på den felles sangkvelden som vart halden på Sundvang. Mykje fin sang og musikk og bra med folk. Dette er i ferd med å bli ein tradisjon

Laurdag 18. oktober, slo dei fire eldre damene til med basar att ! Mange fine gevinstar og mykje god kake! Det kunne vore fleire folk innom, me me fekk inn over 15 tusen og det er me fornøgde med. Pengane blir bruka til utstyr på kjøkkenet.

Som medlemmer i fellesmøtekomiteen, arrangerte me i år, eit seminar om "Familie og media". Det var på Fredheim, sundag 16. nov. Dette burde vera eit aktuelt tema i dagens mediastyrte kvardag, men det kom ikkje så mykje folk som me hadde håpa. Men dei som kom, fekk med seg info om kor mykje tid dagens unge ( og litt eldre og) brukar på desse tinga, dagleg ! Det var mange timar.

Nytt av året er ideen om ei "Godhetsveke" i starten på mai 2015. Ein del folk frå alle menighetane var samla her i huset, 19. november. Det var sett ned delar av ein komite`, men dette kjem me tilbake til når tida nermar seg.

7. desember hadde me lyst til å ha ein sangkveld. Me kalla den Førjolssang og Sverre Solvang, Jan Haugen og Bjørn Tormodsvik, spela og song. Dei hadde litt av kvart på menyen og det var også allsang. Etterpå var det høve til å få seg ein kopp kaffe og litt kake. Det vart ein koseleg kveld.

14. desember var me med på konsert kyrkja.

28. desember, var den årlege joletrefesten på Sundvang. Det var den fjerde gongen at Betel, Fredheim og kulturhuset Sundvang, laga til slik fest i saman. Det var mange flotte innslag både sang, dans, og anna underhaldning. Rolf Inge Johannesen heldt andakt. Gang rundt joletreet og mat var det og!

Felles med Fredheim, har vi også i år, drive med "Fredagsklubben. Det samlar mange unge, annankvar fredags kveld. Dei driv me mange koseleg og nyttige aktivitetar. Obligatorisk er andakt/samtale og mat ! Frå Betel er det Gunvor holm, som har ansvar. Både Elise Wraa, Ida Bergir Rognsvåg, Svein og Halvor Heggveit har ansvar. Dei driv eit halvt år på Betel og eit halvt år på Fredheim. Dette fungerer bra !

Ja det er i sanning litt av kvart me har drive med i 2014. Og me trur og veit at Gud har vore med. Noko anna som me kan sei om fjordåret og dei seinare åra, er at menighetane i bygda har kome nærare kvarandre og samarbeider veldig godt. Det er nok og Herrens verk !